



Carsten Mrusek vert innsett som sokneprest i Uskedalen på kveldsgudsteneste søndag 20. september.

**Det er meldt inn 10 konfirmantar for 2021. Dei vert presentert på kveldsgudsteneste søndag 20. september. I den same gudstenesta vert ny sokneprest i Uskedalen innsett i si teneste av prosten i Sunnhordland, Svein Arne Theodorsen. Presten Carsten Mrusek bur i Jondal og har til no gjort teneste i Ullensvang herad.**

Carsten Mrusek (f. 1970) kjem frå Bremenområde i Tyskland. Han gler seg til å koma til Uskedalen og Kvinnherad. Kona kjem frå Fitjar og saman har dei to døtre, på 5 og 7 år. Dei vil inntil vidare halda fram å bu i

Jondal. Carsten hadde i si tid praksis på Stord før han gjorde presteneste i Nordfjord ( Måløy og Nordfjordeid ). Så gjekk turen til Jondal og Hardanger og Voss prosti.

Mrusek har ei solid utdanning og praksis. Han studerte fyrst jus og seinare teologi før han vart katolsk prest. Ved overgangen til Noreg måtte han ta fag på Unviersitetet i Tromsø før han tok utdanning på Misjonshøgskulen i Stavanger. Han vart ordinert av biskop Halvor Nordhaug i 2012.

Det er ikkje høve til å skriva namna på konfirmantane i forkant av presentasjonen. På generelt grunnlag er det slik at ei kyrkjeleg handling ikkje er offentleg før det har skjedd. Kunngjering av namn i forkant av sjølve konfirmasjonen vert gjort med samtykke frå foreldra.

Tekst/nett: Kristian Bringedal

Foto: Privat